

# Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming om legging og flytting av ledningar over, under og langs kommunal veg etter regelverk for veglova, Sunnfjord kommune,

Fastsett av Sunnfjord kommunestyre dd.mm. 2023 med heimel i forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg § 18. jf. veglova § 32.

## Kap. 1 Generelle forhold

### § 1-1 *Generell orientering*

Formål med forskrifta er å fastsette gebyr for kommunal handsaming av søknader om arbeidsløyve, graveløyve, og løyve om legging og flytting av leidningar i kommunal veg og eigedom.

Veglova 21. juni 1963 nr. 23 § 32 første ledd stiller krav om løyve frå vegmynde for å kunne legge leidningar av alle slag over, under, langs eller nærare enn 3 m frå vegkant.

I medhald av veglova 57, 2. ledd nr. 1 er det forbod mot å grave, fjerne masser eller gjere andre inngrep på eigedomen sitt område til offentlig veg utan løyve frå vegmynde.

Veglova § 32 med forarbeid gir heimel til å krevje gebyr, slik at kommunen ikkje vert påført unødige kostnader som følgje av at det vert etablert leidningar i veg, under dette følgjer oppfølging og kontroll.

### § 1-2 *Generelt verkeområde*

Forskrifta er ei lokal forskrift for Sunnfjord kommune. Forskrifta gjeld gebyr for handsaming av søknader om arbeidsløyve, graveløyve, og legging og flytting av leidningar over, under, langs, eller nærare kommunal veg enn 3 meter frå vegkant, jf. veglova (LOV-1963-06-21-23) § 9 og § 32 og forskrift om ledninger i offentlig veg (FOR – 2013-10-08-1212)

### § 1-3 *Definisjonar*

I denne forskrifta tyder:

- *Leidningsanlegg*: leidningar, kablar og innretningar som nemnt i veglova § 32
- *Leidningsarbeid*: alle typar inngrep i tilknytning til leidningsanlegg enten dette skjer ved graving, boring, legging, omlegging, utskifting, fjerning eller liknande tiltak.
- *Leidningseigar*: Den som står ansvarleg for leidningsarbeid, som krev løyve etter veglova § 32, eller for øvre har leidningsanlegg i offentlig veg.

### § 1-4 *Klage*

Enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta kan på klagast etter reglane i forvaltningslova. Klagen blir handsama av kommunen si særskilde klagenemnd. Gebyr må betalst innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga. Det er ikkje høve til å klage på reglane i denne forskrifta eller gebyrsatsane fastsett med heimel i forskrifta.

### § 1-5 *Garanti*

Vegmynde kan, før arbeid vert påbegynt, krevje at det vert stilt økonomisk garanti for etterfølgjande utbetring av vegen og seinare følgjeskader som kan førast tilbake til arbeidet, med varigheit inntil 5 år etter avslutta arbeid, i tråd med (FOR-2013-10-08-1212) § 18 a.

## **Kap. 2 Gebyr**

Forskrifta fastset gebyr for handsaming av kvar sak. Med sak meinast søknad om tiltak knytt til same kommunevegnummer og som har tilstrekkeleg geografisk og faktisk samanheng, eller som etter sakshandsamaren sitt skjønn vert vurdert å vere same sak.

### *§ 2-1 Verkeområde*

*Gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og kontroll med graving og legging av leidningar over, under og langs med kommunal veg- og grunn.*

### *§ 2-2 Eingongsgebyr*

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen sine kostnader med kontroll og sakshandsaming. Gebyra skal fastsettast etter sjølvkostprinsippet. Gebyret kan delast opp med fleire delsummar og differensierast etter storleik.

### *§ 2-3 Straffegebyr*

Dersom eit arbeid vert sett i gong utan løyve er gitt, kan kommunen krevje eit beløp på 2 gonger sakshandsamingsgebyr for administrasjon og kontroll. Den som utføre arbeidet som avvik frå vilkår for løyve kan i tillegg nektast arbeidsløyve/graveløyve for kortare eller lengre tid.

## **Kap. 3 Regulering av gebyr**

Kommunedirektøren kan regulera gebyra ein gong per år. Regulering skjer med verknad frå den 1. januar kvart år, og skal vere basert på sjølvkostprinsippet

## **Kap. 4 Ikraftsetting**

### *§ 5-1 Ikraftsetting*

Forskrifta tek til å gjelde frå 01. 01. 2024